



SOMMARLEIR

PÅ LYNGMO

* **Krinsårsmøte Sogn og Fjordane Indremisjon, 1.-3.juni**

* **SPRING FOR LYNGMO, 6. juni**

* **Sommarleirane**

- sjå baksida for informasjon!!



Indremisjonsforbundet



NORSK LUTHERSK
MISJONSSAMBAND

Helsing frå Lyngmo

«Det er dette me driv med på Lyngmo!»

Første fredag i april var det vårbasar på Lyngmo! Det er alltid inspirerende å ta i mot og møte dei som kjem for å støtte Lyngmo på basarane. 180 oppmøtte, der over 30 var born, og eit resultat på ca. 175.000,-. Det er fantastisk med ei slik oppslutning; basar etter basar og år etter år! Denne basarkvelden tidleg i april var det likevel noko anna enn dei innsamla pengane som oppmuntra meg. Den tradisjonelle andakten var bytta ut med ein samtale og vitnesbyrd. Det å sjå og høyre krinssekretæren i Sogn og Fjordane Indremisjon, Sondre J. Orrestad, samtale med Emma og Victoria om deira opplevingar med leirlivet på Lyngmo var godt! Det var godt å høyre at desse ungdommane kan vitna om ein levande Gud, som er til stades i deira liv. Og at dei kan fortelje om truslesteg dei har teke som deltakarar i leirlivet;



Victoria og Emma på vårbasaren.

først på barneleir og så på ungdomsleir. No er dei også med som leiarar, som er med på å ta i mot nye barn på leir. For at fleire skal få bli kjent med Gud! Det er dette arbeidet på Lyngmo handlar om; å lære nye generasjonar om Jesus og utruste dei til å dele vidare. På vegen ønskjer me å gje dei gode opplevingar og forhåpentlegvis moglegheit til å få venner for livet! Litt lenger bak i Glytten får de møte Håvard, som også kan fortelje litt om kva leirlivet betyr for han! Gjennom vinteren har me hatt mange flotte leirar, med nokre høgdepunkt:

- Nysatsinga Crossroad, samla over 80 ungdommar og leiarar frå heile fylket!
- 2. – 4. klasseleir med ein stor delegasjon frå Årdal som ikkje hadde vore på leir før!
- 2 familieleirar i påsken. Eg trur familiane får mykje igjen når born og foreldre reiser saman på leir! Det er ei god investering i truslivet i heimen!

Livlege dagar

No utover våren og sommaren er det stort sett livlege dagar på Lyngmo med ulike folk som er innom på arrangement eller for å bidra på dugnad eller for å utføre eit arbeid. I dag kunne me telja to innleigde snekrar, vaktmeisteren vår Ole Inge Skagen, to dugnadspersonar som rydda opp ute etter vinteren, ein elektriskar på dugnad som ordna taklamper inne, tre frå kjøkkenet som haldt på med nedvask / varebestilling og til sist ein barne- og ungdomsarbeidar og underteikna. Mykje godt arbeid som

vart utført! Andre dagar er det færre arbeidsfolk, men leiarar og deltakarar som besøker leirstaden vår. Dette må gå hand i hand i vår kvardag: Villige folk som stiller opp på dugnad og som leirleiarar; slik at Lyngmo skal være gjort klar for dei som kjem.

I byrjinga av juni ønskjer me på nytt velkommen til eit «Spring for Lyngmo». Dette løpet vart ein suksess for to år sidan og me håpar at unge og gamle vil bli med og gå eller springe. Denne dagen er for alle som er glade i Lyngmo! Sjå meir informasjon i eiga annonse!

Minnar til slutt om det som Paulus skreiv i første brevet til korintarane (3,6-7): «*Eg planta, Apollos vatna, men Gud gav vekst. Så er dei ikkje noko, korkje den som plantar eller den som vatnar. Berre Gud er noko, han som gjev vekst.*» Det er Gud som skal ha vår takk og ære!

God sommar!

Helsing Kjetil

Leirleiarer

Namn: Håvard Sie

Alder: 13 år

Kjem frå: Mollandsmarki

Eg er ganske aktiv i sport, liker å trene og halde meg i form. Eg går på fotball, skyting og langrenn. No som eg er blitt ungdomsskule-elev, så er eg veldig interessert i å vere med på fleire kristne arrangement slik som leir. Eg er på leir så ofte eg kan, og no fekk eg moglegheita til å vere med på min første leir som leiar (Vinter leir 2.-4. klasse). Det var sjølvstakt litt spesielt med så mange ungar rundt meg, som ville ha masse oppmerksomheit. Men dette var voldsomt moro. Eg vil absolutt oppfordre fleire til å være med. Dette er moro!



Håvard gjer seg klar for uteaktivitet

Hugs krinsårsmøte 1.– 3. juni på Lyngmo



Sogn og Fjordane Indremisjon

Vinterleir 16. - 18. mars

"Vinterleir på Lyngmo – det høyles spennande ut!". I Årdal har vi ikkje hatt tradisjon for å reise på leir på Lyngmo utanom konfirmasjonsleiren, men no hadde leiar for Tårnagentklubben i Årdal lyst at ungane der skulle få sjansen til å oppleve noko av det ho fekk oppleve då ho var ung og var med på KFUK/KFUM leiar. Det at ei mor og leiar for Tårnagentane i Årdal, Marit Eldegard, ville vere med på leiren, gjorde det nok tryggare både for ungar og dei vaksne å sende avgarde sine håpefulle. Me fekk også leirsjef Ranveig inn til Årdal på besøk for å fortelle oss om leiren i forkant.

"Får me ikkje ha mobil eller ipad???". Korleis ville det bli med ei heil helg utan ein skjerm å kikke inn i? Mange av foreldra var svært positive til dette, og det var ikkje problem for ungane å få ringe heim om ein skulle ha behov for dette. Faktisk så gjekk helga på Lyngmo kjempefint utan verken mobil, nettbrett

eller TV. På fredag blei me teken godt i mot av dei andre leiarene på vinterleiren, og vist til romma våre. Etter litt hjelp med sengeklede kunne ungane springe ned i gymsalen der dei unge leiarane Elisabeth Hurthi og Håvard Sie hadde full kontroll. Elisabeth hadde også ansvar for blikjentsamlinga. Her fekk alle utdelt namneskilt, og det blei god stemning og til tider noko høglytt under blikjenteikane. Etter kveldsmat og kveldssamlinga blei eitt og eitt rom sendt ut for å gjere seg klar for å legge seg. Det var imponerende å sjå kor raskt romma kom til ro. Noko av grunnen til dette var kanskje konkurransen om beste rom når det gjaldt å komme til ro og ha det ryddig, men eg trur også at roen og erfaringa som besteforeldrepara Åse og Arne Bondevik og Reidun og Magne Moen hadde gjorde at ungane var trygge og sovna raskt.



Ringleik utanfor Lyngmo i strålende sol!

Neste dag var tidleg påan. Av erfaring sender ein ungar som vaknar tidleg til peisestova, slik at dei som søv ikkje blir vekte. Her var det mellom anna kortspel, fargelegging og sjakk før Magne ringte med klokka for vekking. Under bibelsamlinga snakka Jorunn Marie Haugstad frå NLM om David og Goliat. Ungane sat fint og hørte på, enno Ranveig hadde gløymt å forklare reglane til "stillestolen". I leirminneboka fekk ungene klippe og lime inn figurar og bibelvers etterpå.

Me hadde eit fantastisk flott vær under vinterleiren, og ungene kosa seg ute med leikar, aking, tur på isen, snøborglaging mm.

Me hadde ei helg fylt med mykje aktivitet, nye inntrykk, flotte innslag av ungene på leirkvelden, åndeleg påfyll og ikkje minst var det veldig kjekt å bli kjent med nye ungar og vaksne. Dette gav meirsmak, så det blir nok ikkje siste gong det dukkar opp ein årdøl på nokre av Lyngmo sine samlingar.

Takk for oss!

Med venleg helsing Marit R. Eldegard, leiar for Tårnagentklubben i Årdal



Regionårsmøte for NLM

Eit par veker etter påske var det regionårsmøte for Region Vest av Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM) på Lyngmo. NLM er ein av dei to eigarane til Lyngmo og det var andre året på rad at regionårsmøtet var lagt til Lyngmo. Det var ei heil helg med eigne samlingar for born og ungdom, undervisning, seminar, årsmeldingar, rekneskap og sjølvstøtt fokus på mottoet til NLM: «Verden for Kristus»

Me har stilt regionleiar Per Byrknes nokre spørsmål :

Kva arbeid har Region Vest (Bergen i Sør til Fjordane i Nord)? *Menigheter, foreningar, kor, skoler, barnehager, nærmiljøsentra med norsk-opplæring, besøkstjeneste med mer, diakonale arbeid rettet mot ungdom som faller ut av skolen (PitStop) og gjenbruksbutikker for å ha nevnt noe.*

Kor mange tilsette er det i regionen? *På regionenes lønnslistar har vi 18 personer, men i tillegg kommer alle som er ansatt på leirstedene, skolene og nærmiljøsentra og pitstop. Her må vi ikke glemme alle de frivillige som gjør en fantastisk stor innsats. Flere av de ansatte er bare ansatt i mindre prosentstillinger.*

Kor mange personar er i berøring med regionen sitt arbeid i løpet av eitt år? *Det har jeg ikke et tall på, men det er mange.*

Kva er viktig når Region Vest sine utsendingar samlast til årsmøte? *Det er flere viktige ting. Det helt åpenbare er selvsagt at NLM er en demokratisk organisasjon hvor frivillige velges til å sitte i ulike styre og råd. Samtidig er det en unik mulighet til samle misjonsfolket fra bygd og by til felles inspirasjon og åndelig oppbyggelse.*



Per Byrknes er ein sprek regionleiar! Her frå svampkast til inntekt for Barnas Misjonsprosjekt under regionårsmøtet!

Kvifor satsar regionen på leirarbeid, blant anna på Lyngmo? *Vi ser at vi kommer i kontakt med svært mange via leirarbeidet. For noen fører det til et møte med Jesus som kan forandre livene deres totalt og for andre kan det føre til livslangt engasjement for det misjon og bistandsarbeid som NLM er med på i den store verden.*



Trond Kråvik og Lyngmo sin eigen bamse leiar forsamlinga i barnesangar! Begge bilder: Helge Kvamme

Dette skjer på Lyngmo

JUNI 2018

- 1. - 3. Årsmøte SFI.
- 7. Småbarnstreff
- 8. - 10. 4 - 7 klasseleir
- 15. - 17. 2 - 4 klasseleir
- 25. - 27. 7 - 10 klasseleir

JULI 2018

- 8. - 15. Bibelsommar i Vest
- 15. - 21. Familieleir, Ungdom i oppdrag

AUGUST 2018

- 23. Småbarnstreff
- 25. - 26. Bibelhelg
- 30. Knøttekor og torsdagsklubb

SEPTEMBER 2018

- 6. Småbarnstreff
- 13. Knøttekor og torsdagsklubben

- 15. Småbarnstreff
- 14. - 16. Internatmøte for Kvinner
- 20. Småbarnstreff
- 21. - 23. 2 - 4 klasseleir
- 28. - 29. Loppemarknad

OKTOBER 2018

- 4. Småbarnstreff
- 5. - 8. 4 - 7 klasseleir
- 18. Småbarnstreff
- 19. - 21. 7 - 10 klasseleir

- 25. Knøttekor og torsdagsklubb
- 26. Haustbasar

NOVEMBER 2018

- 1. Småbarnstreff
- 2. - 4. 16 - 30 leir
- 8. Knøttekor og torsdagsklubb
- 15. Småbarnstreff
- 16. Barnas songleir (2 - 7 klasse)
- 22. Knøttekor og Torsdags-

Minnegåve

Tusen takk for gåvene som vart gitt i samband med gravferda til
Edvard Heggstad og Gudrun Hjeltnhaug



**-SPRING FOR LYGMO-
6. JUNI
16:30**

Velkommen til «Spring for Lyngmo». Du kan delta ved å skaffe deg sponsorar (familie, venner og bekjente) som betalar deg pr runde(400 meter) du klarer å springe i løpet av 60 minutt. Alternativt kan dei sponse med eit eingongsbeløp. Sponsorbeløpa vert samla inn som ei gåve til Lyngmo. Dei som ikkje vert med og spring er hjarteleg velkomne til å bli med å heie og møte andre Lyngmo-venner! Servering av grillmat: 16.30 – 17.30
Spring for Lyngmo: 17.30 – 18.30
Avslutningsamling: 18.45 – 19.20

"NORGE P.P."

B ØKONOMI
ÉCONOMIQUE

Returadresse:
Lyngmo Ungdomssenter
Lyngmo 21
6869 Hafslo
Telefon: 57684366

E-post:
lyngmo@lyngmoinfo.com
Heimeside:
www.lyngmoinfo.com
Gåvekonto: 3000.32.79177

SOMMARLEIRANE PÅ LYGMO

8. - 10. JUNI 4 - 7 KLASSELEIR, PRIS 675,-
15. - 17. JUNI 2 - 4 KLASSELEIR, PRIS 560,-
25. - 27. JUNI 7 - 10 KLASSELEIR, PRIS 730,-

FOR PÅMELDING OG INFORMASJON:

WWW.LYNGMOINFO.COM

TLF: 57 68 43 66

Dersom familien din ikkje har råd til å sende borna på leir kan de ta kontakt med dagleg leiar eller barne- og ungdomsarbeidar på Lyngmo. Me hjelper gjerne til med å finne løysingar for sponing i slike saker.

Me ønskjer å

- ⇒ Sjå og møte den enkelte deltakar
- ⇒ Servere god mat
- ⇒ Lage attraktive aktivitetar ute og inne
- ⇒ Snakke om den kristne trua på ein spanande og interessant måte

Me stiller krav til at

- ⇒ Leiarane som er med på leir skal leggje fram politiattest

